

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Lynging og mosing

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: Steinsvik

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er svært lite vanleg at nokon sankar lyng no. I det heile veit ein ikkje om at lyng har vore brukt til vanleg fôr. Men i harde vårkniper har ein heilt til det siste brukt å skjere lyng, der det var nokolunde tilkomeleg å finne. Under siste verdskrigen, då det var mest uråd å få kjøpt høy, var det fleire som skar lyng åt sauer og geit, også åt kyr.
 2. Etter det som er sagt framanfor, så vart lyngen teken ~~etter~~ etter kvart ein trong om våren.
 3. Dei bruka gamal ljå eller sigd.
 - 4-5-6-7- går ut.
 8. Då lyng var apsolutt naudsfor, fekk vel alle husdyr av det. Men litt høy, og beit (bjørkeris) måtte dei ha attåt.
 9. Ikkje.
- B. Lyngbeiting veit ein ikkje om. Men sau og geit hadde dei før ut så ofte som råd var, gjerne heile vinteren (sauene måtte ha det snølaust, geitene greidde seg i snøen og). Ein rekna med at dei fann eitkvart etande kvist, einebar og også lyng. Men ikkje berre for lynget
- II. Mose har ikkje vore i bruk som fôr ~~her~~ her.